



Kaare Skaala held tale i Rosendal. (Foto: Romar Skeie Olsen)

Soknerådet i Uskedalen har inngått avtale med Kaare Skaala (75) i Rosendal om å skriva historieskriftet som skal gjevast ut når kyrkja i Uskedalen er 100 år i 2014.

Tormod Myklebust gjev uttrykk for stor glede over at det har lukkast å få ein så kjent og anerkjent lokalhistorikar til å ta på seg oppdraget.

Han fekk kultuprisen for Kvinnherad i 2008

Skaala har eit svært omfattande og allsidig lokalhistorisk forfattarskap bak seg. Til dømes skriv han jubileumsboka om Rosendalkyrkja i 2005 og boka Når namn viser veg.. Andre titlar er Melderskin, Landskap i endring og Når toigna talar. No arbeider han med boka om stølsdrifta i Kvinnherad. Han har også vore medforfattar i ei rekkje verk, til dømes Frå fjord til fonn.

Hans allsidige interesser og emner spenner frå dikt og prologar via musikk til amatørgeologi, idrett og fjell, for å nemna eit utdrag. Han er ein svært dugande lyrikar og føredragshaldar.

Med seg i boknemda har Myklebust Bjørgulv Eik, Leonhard Eik og Møyfrid Kristoffersen (leiar i soknerådet). Dei tek sikte på at det redaksjonelle arbeidet skal vera ferdig rundt årsskiftet 2013/2014, men det er førebels ikkje lagt nokre planar før sjølve jubileet.

Ein er allereie relativt godt forspent med stoff. Då kyrkja fylte 50 år skreiv Tor Mykleust ei bok og det vart gjeve ut eit fylldig fotohefte ved 90-årsjubileet.

Men det utelukkar ikkje at det må samlast inn atskillig meir stoff og nemnda er takksam for bidrag i så måte, anten det er stoff eller bilete, understrekar Myklebust.

Det høyrer med til historia at Kaare Skaala står Uskedalen nær ettersom han er gift med ein uskedeling
- Kirsten født Sunde.

Av Ola Matti Mathisen